

Frå: Ostereidet Bygdelag

Til: Lindås kommune

Innspel til kommuneplanen sin arealdel for 2019 til 2029

Det vert vist til kunngjeringsstekst om innspel til kommuneplanen sin arealdel 2019 – 2029, der det er sett frist 14. september for å koma med innspel. Vidare vert det vist til godkjent planprogram vedteken 22.mars 2018, der eit av viktige tema kommunen inviterer til innspel på er nye næringsareal, og tekst der på side 16, 2 kulepunkt utheva spesielt, mellom anna står følgjande:

«Grønstruktur

Aktuelle utgreiingar

- Kartlegge eksisterande grøntområde og aktuelle areal for parkering i samband med grøntområda
- **Utgreia om området frå Austfjorden til grense Modalen skal ha særskilt status for friluftsliv**

Ostereidet bygdelag ber om at utgreiinga om å sikre meir av fjellområdet, også omfattar heile Fjonnfjellet, då dette har mange kvalitetar både som naturområde og friluftsområde. Kalvedalshytta ligg midt i dette området, og stiane inn til denne turlagshytta går inn frå mange ulike retningar.

Bygdelaget meiner at drøftinga bør omfatta Husdalsfjellet i sør, Kjekallevågen i vest og Romarheimsdalen i aust, og omfatta Ådneburen og Vardefjellet i nord. Det bør drøftast om det bør lagast ein eigen kommunedelplan/ regional plan for desse viktige fjellområda, som ligg i fleire kommunar, med mål å sikra ålmenta sine interesser langt inn i framtida.

Bygdelaget vil vise til at Nordhordland og Lindås kommune er svært privilegert som har slike fjellområde, og at det er viktig å ta vare på desse flotte fjellområde, og at slik dei no framstår med inngrepsfrie område er ein viktig ressurs både for kommunen sine eigne innbyggjarar, men og for tilreisande personar frå våre nabokommunar og frå Bergen.

Bygdelaget ber om at ein difor vurderer følgjande i samband med kommuneplanarbeidet:

Utgreia om heile fjellområdet frå Austfjorden skal ha særskilt status for friluftsliv og naturvern, og kva formelt vern dette området bør ha for å verta ivareteke som inngrepsfritt i framtida. Det bør og drøftast korleis tradisjonell beitebruk, jakt og fiske kan ivaretakast på ein god måte.

Når det gjeld bustadområde ber bygdelaget om følgjande.

Alle eksisterande bustadområda i Ostereidet krinsen må vidareførast i kommuneplanen, og nye LNF for spreidd bustadbygging må leggjast ut i alle bygder i krinsen. Me ber om at ingen eksisterande LNF- for spreidd bustad eller eksisterande område for bustadføremål går ut i den nye planen. Bygdelaget ønskjer å ta vare på busetningsmønsteret i krinsen, og ber om at kommunen definerer det inn i sentrale planmålsettingar i plandokumentet som no skal lagast.

Venleg helsing

Ola R. Jordal
Leiar i Ostereidet Bygdelag